

Notat

Frå: Fylkesrådmannen

Til: Fylkesutvalet 15.06.15, fylkestinget 16.06.15

FT-sak 26/15 Økonomiplan 2016-2019 – tilleggsnotat Utgreiingsoppdrag nr. 21 Karriererettleiing

Bakgrunn for notatet

I utgreiingsoppdrag nr 21 Karriererettleiing, la fylkesrådmannen til grunn at å ta bort den fylkeskommunale ressursen til karriererettleiing ville medføre at det statlege tilskotet og dermed grunnlaget for partnerskapen mellom fylkeskommunen, NAV og kommunane fall bort og at tenesta måtte avviklast.

I ettertid har staten gjennom Vox tydeleggjort kriteria for utbetaling av tilskot. Vi har då fått avklara at det **ikkje** er eit vilkår for å få statleg tilskot til karriererettleiing at fylkeskommunen budsjetterer med egne midlar til føremålet. Kriteria for tilskot er elles slik som det er sagt i utgreiingsrapporten:

«Grunntilskuddet tildeles fylkeskommuner med fylkesvise partnerskap for karriereveiledning som har:

- en signert partnerskapsavtale mellom minimum fylkeskommunen og Nav-fylke.
- en koordinerende funksjon som styrker samarbeid og samordning mellom veiledningsaktørene i fylket.
- minimum ett fylkesvis karrieresenter som tilbyr gratis karriereveiledning til alle voksne over 19 år, bidrar til kompetanseutvikling for karriereveiledere i grunnskolen, videregående opplæring og Nav og kvalitetssikrer arbeidet gjennom bruk av brukerundersøkelse og årsrapportering til Vox.»

Framhald av tenesta – konsekvensar

Fylkeskommunen får tildelt tilskot frå staten for eitt år om gongen. Det statlege tilskotet for 2015 er på kr. 1.850.000,-. Dette tilskotet har fram til no auka kvart år, og sjølv om ingenting er sikkert, er det lite som tyder på at det vil bli redusert eller teke vekk. Tvert i mot har regjeringa i vår sett ned eit utval som mellom anna skal sjå på korleis tilgangen og samordninga av karriererettleiingstenesta skal styrkast (<https://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/org/styrer-rad-og-utvalg/ekspertutvalg-om-karriereveiledning/id2403779/>). Fylkesrådmannen meiner difor at det bør vurderast om det er

mogleg å gje innbyggerane i Sogn og Fjordane tilgang til ei karriererettleiingsteneste innfor ramma av den statlege løyvinga.

Å ta bort den fylkeskommunale løyvinga til karriererettleiing, kan medføre at partnerskapen i si noverande form vil måtte endrast eller avviklast. Dersom fylkeskommunen ønskjer å vidareføre karriererettleiingstenester innfor rammene av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen, vil det vere mogleg å gå i drøftingar med partnerskapen om karriererettleiing, gitt dei nye føresetnadene. Slik fylkesrådmannen vurderer saka vil ei vidareføring av tenesta føre til at tenesta må omstrukturast. M.a. må tenesta skiljast tydelegare frå den lovpålagde oppgåva vidaregåande opplæring for vaksne.

Etter fylkesrådmannen si vurdering vil det vere ein føresetnad for å vidareføre karriererettleiingstenester organisert innanfor rammene av det statlege tilskotet, at ei slik satsing er politisk forankra.

Fylkesrådmannen vil i samband med budsjettarbeidet for 2016 positivt utgreie vidareføring av karriererettleiingstenesta frå hausten 2016 innanfor ramma av det statlege tilskotet og eventuelle bidrag frå partnerskapen. Dette til FU og FT si orientering.